

Laurdag held SPAR kundefest frå klokka 13 til 17 og alt tyder på at det vert ein fest som ein vil minnast lenge. Den var beramma før butikken vår vart best i landet men får etter det som skjedde i helga ein ekstra dimensjon, avslørar eigarane. Festen er faktisk allereie igang, med Nidarquiz og skilletteri. Ved å svara på spørsmål om sjokoladeprodukt kan ein vinna varer for 500 kroner og ved å svara på spørsmål om Kvikk-Lunsj kan gevinsten bli eit par turski laga av Åsnes.

Under sjølve festen kjem det til å skje mangt. Til dømes ynskjer ein at mange tek sjansen på ein ridetur på oksen Teobald. Det må skytast inn at oksen ikkje høyrer heime hos ein bonde her i dalen, men er ein spesialkonstruert rodeo-okse som det gjeld å halda seg oppå så lenge som mogeleg.

Eit anna høgdepunkt er song ved ein dyktig kvinnhøring - Renate Haugs Madsgård (31) som no har snart 20 år bak seg med song og musikk. For 7 år sidan vann ho Kjempesjansen i NRK. Ho syng eigenkomponerte låtar og søkte tidlegare i år om kommunen sitt kulturstipend for å gje ut ei plate med produksjonen sin.

Og så er det servering både av varm mat, kaffi og kaker.

Elles er atmosfæren i SPAR framleis sterkt prega av gratulasjonar med prisen som også var ein sjekk på 154 000 kroner. Pengane skal nyttast til å gjera stas på dei tilsette som - for å sitera leiinga - er ein fantastisk kjekk gjeng. SPAR har no 19 tilsette.

Tekst: Ola Matti Mathisen